



Ulstein kommunestyre vedtok i sak 150/24 den 12.12.2024 følgjande som omhandle eigedomsskatt:

5. Ulstein kommunestyre vedtek med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 bokstav g) slikt utskrivingsalternativ for skatteåret 2025:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Etter dette vil følgjande eigedomar vere omfatta av skatteplikt: alle bustadeigedomar og fritidseigedomar (herunder våningshus, garasjar og naust) og ubygd grunneigedom (ikkje tomter regulert til næring).

A. Skattesatsen vert sett til 1,5 promille jf. esktl. §11 og §13.

B. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a kan «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 15.februar 2025.

C. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 b kan «bygning som har historisk verdi» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 15.februar 2025.

E. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 c vert nyoppførte bustadhus friteke for eigedomsskatt inntil formuesgrunnlaget føreligg, men maksimalt eit år etter oppføring.

F. Ulstein kommune skal nytte siste tilgjengelege tal frå Skattedirektoratet sitt register for «Formuesgrunnlag for likning av bustader i Ulstein kommune» som grunnlag for eigedomsskatten.

G. Eigedomsskatten forfell til betaling over 6 terminar.

H. Ulstein kommune vedtek å innføre retningslinjer for fritak frå eigedomsskatt etter § 28 i eigedomsskattelova som vist i "Sentrale kapittel - Eigedomsskatt- Retningslinje fritak etter §28"